

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Karbonfangst og -lagring (CCS) i stor skala er avgjerande for å nå utsleppsmåla i Noreg, Europa og Verden. Vestland fylkeskommune meiner at Noreg bør ta ei leiarrolle for utvikling av teknologi og infrastruktur knytt til CCS.
2. Regjeringa sitt fullskalaprosjekt for fangst, transport, injisering og lagring av CO<sub>2</sub> er avgjerande for å utvikla verdikjedar knytt til karbonfangst og -lagring i eit globalt perspektiv. Prosjektet vil også tilføra norsk leverandørindustri vesentleg kompetanse og erfaring, og leggja grunnlaget for eventuell framtidig eksport av teknologi i den globale marknaden.
3. For å sikra framdrift og teknologisk forsprang ber Vestland fylkeskommune regjeringa om snarast å fatta positivt investeringsvedtak for fullskalaprojektet for CCS, inkl. lagringsdelen Northern Lights.»

### **Avrøysting**

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.  
Innstillinga fekk ingen røyster og fall..

### **Vedtak**

1. Karbonfangst og -lagring (CCS) i stor skala er avgjerande for å nå utsleppsmåla i Noreg, Europa og Verden. Vestland fylkeskommune meiner at Noreg bør ta ei leiarrolle for utvikling av teknologi og infrastruktur knytt til CCS.
2. Regjeringa sitt fullskalaprosjekt for fangst, transport, injisering og lagring av CO<sub>2</sub> er avgjerande for å utvikla verdikjedar knytt til karbonfangst og -lagring i eit globalt perspektiv. Prosjektet vil også tilføra norsk leverandørindustri vesentleg kompetanse og erfaring, og leggja grunnlaget for eventuell framtidig eksport av teknologi i den globale marknaden.
3. For å sikra framdrift og teknologisk forsprang ber Vestland fylkeskommune regjeringa om snarast å fatta positivt investeringsvedtak for fullskalaprojektet for CCS, inkl. lagringsdelen Northern Lights.